



Kulturøya i det vestnorske fjordlandskapet

The historical island in the Fjord Country



Osterøy kommune, folketal ca. 7000. Osterøy er den største innlandsøya i Nord-Europa, omkrans av Osterfjorden og Sørfjorden/Veafjorden. På Osterøy finn du ein einestående småindustri og rike handverkstradisjonar. Jordbruket er også viktig som næringsveg. Osterøy er Ole Bull sitt barndomsrike. Her opplevde den store tonekunstnaren rike spelemannstradisjonar som prega han som kunstnar.

Osterøy Municipality: population approximately 7000. Osterøy (East Island) is the largest "inland" island in Northern Europe, surrounded by the Osterfjord, Sørfjord and Veafjord. While agriculture is still an important activity, a rather unusual variety of small and medium size firms carry on the island's rich industrial traditions. This is also where the great violinist and composer Ole Bull spent much of his childhood, and the rich musical traditions here shaped him as an artist.



Storavatn.

Foto: Sture Helle

Avstander/Distances:

Bergen-Breistein:	19 km	<i>Tilleggsruter/detours:</i>	
Breistein-Valestrandsfossen ferje/ferry 10 min		a) Valestrandsfossen-Hamre-Hjellvik-Hauge:	17 km
Valestrandsfossen-Lonevåg 10 km		b) Hosanger-Holavatn:	4 «
Lonevåg-Fotlandsvåg:	15 «	c) Fotlandsvåg-Kleiveland:	10 «
Fotlandsvåg-Hatland:	12 «	d) RV566-Hovden:	7 «
Hatland-Gjerstad-Kvisti:	14 «	e) Kvisti-Bruvik:	16 «
Kvisti-Bergen:	25 «	Bruvik-Bruviksdalen (b-e gjelder tur/retur)	6 «
Kvisti-Haus:	3 «	f) Fitje-Njåstad:	6 «

Reiserute

Frå Bergen på E39 nordover, ta Rv 567 til høgre ved Haukås mot Breistein. Ca. 3 km til ferjekai. Ferje til Valestrand, 10 min.

Frå Valestrandsfossen (1) følgjer du skiltinga på Rv567 til Lonevåg (4). Vidare går ferda langs Osterfjorden (5) mot Hosanger (6) (sjå 61B Fottur Kossdalen (7)) og Fotlandsvåg (8). Her svingar du til høgre inn på Fv368 mot Herlandsnesjane (11), langs med Vestravatn (12) ned til Hatland. (Ta gjerne ein avstikker før Hatland inn til Njåstad (13)) Ved Hatland ta til venstre mot Haus. Etter ca. 3 km går vegen nedover i skarpe svingar med utsikt mot Osterøy Museum (15) og Gjerstad Kyrkje. (Kulturminneskilt til museet).

Frå Gjerstad via Rolland, gjennom dei mest fruktbare jordbruksbygdene på Osterøy, frå øvst i Mjeldadalen, gjennom Tiråstunnelen til Kvisti. Her går vegen over fjorden på Osterøybrua (opna hausten 1997) mot E16. Tar ein avstikkaren ned Mjeldadalen kjem ein til tettstaden Haus (16).

Route

Go north from Bergen on E39 and turn right onto Rv567 by Haukås and proceed 3 km to the ferry terminal at Breistein. Ferry to Valestrand: 10 min.

Take Rv567 from Valestrandsfossen (1) and follow the signs to Lonevåg (4). The route then follows the Osterfjord (5) to Hosanger (6) (see Tour 61B Walk in Kossdalen (7)). Go on to Fotlandsvåg (8), turn right onto Fv368 and proceed to Herlandsnesjane (11) and along

Vestravatn (12) to Hatland. (Before you reach Hatland, a short detour to Njåstad (13) is highly recommended). At Hatland you turn left towards Haus and go 3 km to some steep, hairpin turns. From here you can see the Osterøy Museum (15) and the Gjerstad Church. (Just follow the historical monument signs to the museum).

Leaving Gjerstad you pass through Rolland and the most productive agricultural area on Osterøy. When you can see down into Mjeldedalen, take the Tirås Tunnel to Kvisti and the bridge across the fjord to E16. The bridge opened in 1997. If you take the detour down Mjeldedalen, you can visit the village of Haus (16).

Interesting detours from the main route:

- Turn left at Valestrandsfossen and take Fv365 to Hamre (2). Then go through Hjellvik to Hauge and follow the main route along Rv567 to Lonevåg (4).
- From Fv365 in Hosanger, turn right onto the local road and drive to Hovavatn. This is a good place to start your walk to Kossdalen (7).
- From Fotlandsvåg, continue north to Tysse (9) and Kleiveland (10).
- On Fv366 half way between Hatland and Gjerstad, turn left and take the local road up to Hovden (14).



Lette og merka fotturar. Eigne kartskisser og informasjon for kvar tur

Easy and marked walks. Especially designed maps and information to each walk

Alternative og interessante avstikkerar frå hovedruta:

- a) Ta til venstre ved Valestrandsfossen Fv365 mot Hamre (2), etter Hamre via Hjellvik til Hauge og hovedruta Rv567 til Lonevåg (4).
- b) Frå Hosanger Fv566 ta til høgre på den kommunale vegen inn til Holevatn. Dette for å nytta fotturtilbodet inn til Kossdalen (7).
- c) Avstikker nord til Kleiveland (10). Frå Fotlandsvåg går vegen nordover via Tysse (9) til Kleiveland.
- d) Frå Hatland mot Gjerstad på Rv566, ta den kommunale vegen til venstre opp til Hovden (14).
- e) Frå Kvisti (17) ta den 12 km lange avstikkaren til Bruvik (19) og 10 km vidare opp Bruvikdalen, flott natur og nydeleg utsikt. Vi passerar klyngetunet Havrå (18) like etter Kvisti.
- f) Frå Fitje på Fv368 opp til Njåstad Fv364 (13).

Stader og ymse av interesse:

(1) **Valestrandsfossen** er ein av fleire tettstader på Osterøy. Her finn du «Ole Bullhuset», dette særprega huset som var i Ole Bull si eiga og står slik det var den gongen kunstnaren nytta det. Huset er ope for omvising tysdag, laurdag og sundag mellom kl. 1400 og 1800 frå 19/5 til og med 30/8. Her er det også eit garverimuseum, der ein dreiv garving av skinn på gamlemåten, såkalt barkegarving.

(2) Vakre **Hamre Kyrkje**, frå 1620-talet ligg på vestsippen av Osterøy. Ei av dei få tømmerkyrkjene som er att i Noreg i dag.

(3) **Landskapet** langs denne ruta er prega av lave skogkledde åsar med jordbruksland i dalbotnane. Der er ei mengd store og små vatn i området. Vi køyre langs Loneelva som har ei særprega laksestamme.

(4) **Lonevåg** er kommunesentret på Osterøy. Ynskjer du å fiska laks eller sjøaure i Loneelva, kan du kjøpa fiskekort hjå Osterøy Jernvare A/S. Ulike butikkar og kro i sentrum.

(5) **Denne vegen** går langsmed fjorden gjennom gamle fjordkulturlandskap med nokre godt bevarte naustmiljø. I åsane har det vore gruvedrift, kor dei braut ut nikkelholdig malm.

(6) På **Hosanger**, inst i Mjøsøsvågen finn ein eit bygningsmiljø prega av då sjøen var den viktigaste ferdselsåra, gamle og nyare naust samt bygningar til ulike industriføremål. Midt i sentrum ligg Osterfjorden Pensjonat, der ein kan få kjøpt fiskekort i Holevatnet. Vidare innerter dalføret finn ein **Kossdalsvegen** (7). Dette er eit restaurert vegparti av kulturhistorisk verdi, restaurert i 1990 (sjå fottur 61B).

(8) I tettstaden **Fotlandsvåg** finn ein den gamle og tradisjonsrike herskapsvillan Fjordslottet, frå 1850-talet, som no er hotell. Her er forutan båt- og kanoutleige, både overnatting og servering.

(9) På **Tysse**, den nordlegaste av tettstadane i kommunen, endrar landskapet karakter. Med høge fjell og bratte fjellsider er dette ein av innfallsporene til høg fjellsområda på øya.

(10) **Kleiveland** er det nordlegaste punktet på vegen.

(11) I **Herlandsnesjane**, like i nærleiken av den offentlege badeplassen i Selvika, finn du eit særprega myrområde. Dette er verna som naturreservat og interessant både nasjonalt og internasjonalt.

(12) På vegen opp mot Vestravatn går turen langs ein geologisk forkastningssone, **den store Bergensbogen**. I Selvika ved Vestravatn ligg ein offentleg badeplass med gode parkeringshøve.

(13) På veg opp til **Njåstad** har du fin utsikt over delar av Osterøy. Fint turterreng frå den private parkeringsplassen her (avgift). Godt merka stiar.

(14) I **Hovden** er det P-plass til 8-10 bilar (avgift). Lett turterreng.

(15) På Gjerstad ligg **Osterøy Museum**. Her er omlag 12000 bruks- og prydningsting frå gammal tid.

(16) Tar du avstikkaren ned til tettstaden **Haus**, finn du eit godt utval av butikkar og andre tenester.

(17) **Kvisti** er staden der Osterøybrua kjem over til øya. Her er parkerings- og rasteplass.

(18) **Havråatunet**, freda klyngetun med 8 bruk og 30 hus langs smale bruklagde «gater». Tunet gir eit godt bilete av dei store vestnorske fellestuna frå 1700-talet.

(19) Tettstaden **Bruvik** er ein av dei gamle kyrkjestadene i kommunen. Frå Bruvik går vegen opp til **Bruvikdalen** til Austra/Vestravatnet og mot Grautåni. (Sjå friluftskart over Osterøy, i sal på bensinstasjonar og butikkar i kommunen.

- e) At Kvisti (17) you can take the 12 km trip to Bruvik (19), and if you go another 10 km you can enjoy a magnificent landscape in the Bruvik Valley. Just after Kvisti you pass the historical monument Havrå (18).
- f) From Fitje on Fv368, take Fv364 up to Njåstad (13).

Places of interest and attractions:

(1) **Valestrandsfossen** is one of several villages on Osterøy and this is where you find the "Ole Bull House". This house was Ole Bull's property and residence and is maintained exactly the way it was when the artist lived there. There are guided tours between 14:00 and 18:00 on Tuesdays, Saturdays and Sundays, May 19th to August 30th. Valestrandsfossen also has a tannery museum which exhibits showing traditional tanning methods such as bark-tanning.

(2) Dating from the 1620's, the beautiful Hamre Church is located at the western-most point of the island. It is one of the last timber churches in Norway.

(3) The landscape along this part of the tour is dotted with small lakes and is characterised by low, forested hills separated by pastoral valleys. The route parallels Loneelva (Lone River) which is home to a local breed of salmon.

(4) **Lonevåg** is the administrative centre of the Osterøy Municipality. If you want to catch some salmon or sea trout in Loneelva, fishing licences are available at Osterøy Jernvare A/S. There is also a fine shopping-mall and restaurant.

(5) **The road** along the Oster Fjord goes through several hamlets with well preserved rows of old boathouses. In the hills behind the road Zinc ore was once mined.

(6) **Hosanger**, the village in Mjøsøsvågen (Mjøs Bay), has an architectural style clearly indicating that the fjord was once the main route of travel: there is a rich collection of boathouses and a number of small industrial enterprises. Osterfjorden Pensjonat in the village centre also sells fishing licences for Holevatnet. In Mjøsøsdalen you find **Kossdalsvegen**

(7), a unique old road, now restored and listed (See Walk 61B).

(8) In the village of **Fotlandsvåg** you find Fjordslottet (Fjord Castle), the manor of a wealthy family in the 1850's. It is now a hotel with excellent food. Boats and canoes for hire.

(9) **Tysse** is the northernmost village of the Osterøy Municipality. The landscape assumes a different character here: you are suddenly surrounded by tall and steep mountains. This is the gateway to the central mountain plateau on the island. Kleiveland

(10) is as far north as you can go by car.

(11) **Herlandsnesjane** is a unique wetland area and an internationally recognised nature preserve. In Selvika nearby you find a public (fresh-water) beach.

(12) The road up to Vestravatn crosses a large geologic feature: **The Great Bergen Fault**. This is on the way to the nature preserve and the public beach in Selvika. See above.

(13) As you approach Njåstad you get a good view of a large part of Østerøy. The terrain is eminently suitable for walks and the trails are well marked. The parking area (fee) at Njåstad is a good place to start.

(14) **The parking area (fee)** at Hovden has room for 8-10 cars. Gentle terrain.

(15) **Osterøy Museum** is located at Gjerstad. The various exhibits contain some 12 000 items all told, primarily ornaments, tools and transportation equipment.

(16) If you take the detour down to the village of **Haus** you will find quite a variety of shops and all necessary public and commercial services.

(17) **Kvisti** is where the Osterøy Bridge crosses the fjord to the mainland. Ample parking and rest-area.

(18) **Havråatunet** is a listed historical monument, one of the few remaining clusters of farm buildings with cobblestone passages. The "Tun" consists of some 30 buildings belonging to 8 different farms and is an excellent example of the large common farm clusters of the 1700's.

(19) **Bruvik** is one of the old church-villages on Osterøy. From Bruvik a local road takes you up to **Bruvikdalen** by Austra/Vestravatnet and towards Grautåni. (Consult the Osterøy map, available at petrol stations and shops throughout the island).